



Bø kyrkjeblad

Utgåve 16 - September 2024



Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjevevjerje
**Angelika
Faber Karsrud**


410 28 633
angelika.karsrud@mtkyrkje.no



Sokneprest:

**Axel J.
Bugge**

454 77 020
axel.bugge@mtkyrkje.no



Sekretær

**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
signe.osttveit@mtkyrkje.no



Kyrkjjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:

**Håkon
Holtar**

906 16 806



Kontorfullmektig:

**Dagne
Mo**

404 31 829
dagne.mo@mtkyrkje.no



Kapellan

**Per Inge
Bergem Håland**

917 89 097
peringe.haland@mtkyrkje.no



Korleiar:

**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
grete.sele@mtkyrkje.no



Kyrkjjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:

**Per Johan
Nordvik**

913 89 533



Organist:

**Gudrun
Klakegg**

971 42 510
gudrun.klakegg@mtkyrkje.no

Takk til KIWI i Bø som gir
oss gratis posar til utdeling av
Kyrkjebladet!

Det festlause halvåret

I kyrkja har vi no noko som heiter det festlause halvåret i kyrkjeåret. Det er tida etter pinse og fram mot advent. I denne tida er det ingen kyrkjelege høgtider som blir feira. Tida frå advent til pinse kallar vi «Festhalvåret», der vi feirar jul, påske, pinse og Kristi himmelfartsdag.


Men å kalle tida frå vår og fram til advent for det festlause halvåret, er på ein måte misvisande. Det er om våren, sommaren og hausten at dei store gledelege livsritane blir markert i kyrka, som bryllaup og konfirmasjon. Vi gleder oss over både unge og godt vaksne par som har gifta seg denne sommaren. Det er stort når mann og kvinne ynskjer å gi kvarandre trufaste løfte for framtida med Guds velsigning.

Det første underet Jesus gjorde var i eit bryllaup i Kana i Galilea, der han, mor hans og læresveinane var invitert. Under festmåltidet blei det tomt for vin og krisa var eit faktum for brudeparet og vertskapet. Maria, Jesu mor, var den som såg skandalen fyrst, og ho bad Jesus gjere noko med det. Jesus greip inn og gjorde vatn om til den beste vinen og det i rikelege mengder. Festen kunne fortsette og læresveinane til Jesus trudde på han og såg hans herlegdom. Kjærleiken og den gode vinen er Guds gode gaver gitt oss for å nyte og glede oss over livet og takke Gud for alt det gode han gir. Vi takkar Gud for ekteskapet og kjærleiken og vi takkar for at Jesus vil vere med i våre bryllaup.



Ein annan stor festdag er konfirmasjonen i kyrka den fyrste helga i september. Det er fest når alle dei unge konfirman-tane kjem festkledd, dei fleste i bunader, dress eller andre finklær for å ta imot Guds signing over livet sitt. Dei er i livets vår, nokre særst frimodige, andre skjøre og usikre. Vi ber for dei og velsignar dei med bønn om at dei må halde fast på trua og leve i truskap til Kristus. Det festlause halvåret har ofte utfordrande preiketekstar, som til dømes det å elske Gud og sin neste, åtvaring mot å dømme andre, dom og frelse, tilgiving, nåde og sanning, ekteskap og samliv, Marta og Maria. Bibeltekstar som tar heile livet på alvor og som hjelper oss til å sjå at vi treng ei kyrkje å høyre til i, der Guds ord blir forkynt og der vi kan motta Guds nåde. I kyrkja blir vi invitert til å bli lik Maria, som tok imot Jesus i Betania og sette seg ned lydde på hans ord. I det festlause halvåret har presten den grøne stolaen rundt halsen på prestekjolen, det er ein farge for modning og vekst i Kristus.

Axel J. Bugge



Helsing frå kyrkjeverja

Sommaren syng på siste verset, og kvardagslivet etter ferien rullar så smått i gang igjen for dei fleste av oss. Kyrkja tar rett nok aldri fri, men også her på kontoret gjekk pulsen ned, alle fekk eit kvileskje og er no klar og forventningsfulle til ein ny og travel haust.

Nytt frå staben i Midt-Telemark kyrkjelege fellesråd er at vi endeleg kunne ønskje den nye organisten vår i Bø velkommen. Etter at Roselyn Weber dessverre måtte trekkje seg av helsegrunnar, fall valet til slutt på Gudrun Klakegg. Gudrun

er frå Porsgrunn, bur i Skien og har hatt sitt mangeårige virke som lærar på musikklinja ved Skien videregående skole. Sjølv om ho hovudsakleg vil ha arbeidet sitt i Bø sokn, har Sauherad og Nes alt fått mykje glede av den altomfattande musikaliteten hennar. Igjennom heile juli tjuvstarta ho si teneste med fleire vigslingar, gravferder, barnedåp og fellesgudstenester fordelte over heile kommunen.

Kyrkjemusikken står sterkt i begge

sokna våre på kvar sin måte. Å ønskje henne velkommen er ein milepæl, ikkje berre fordi ho er ein fantastisk dyktig og kreativ musikar, men også av andre grunnar. Eg skal no dele ei fasinerande og rørende oppdaging frå vår eiga lokale mellomalderhistorie.

Alle dei tre mellomalderkyrkjene våre er spennande kulturminne som stadig fleire ønskjer å besøke. Nyleg blei eg kontakta av Ingrid Smestad som er arkeolog og igjen busett i Bø. Ho var med på utgravingane tidleg på 80-talet i Bø gamle kyrkje, og ønskte no å vise fram kyrkja til nokre venner og kollegaer. Eg kunne gledeleg låse opp for dei ein laurdag formiddag og fekk dermed vere med på ei privat omvisning i ei forsamling av nokon av landets fremste spesialistar innan arkeologi og konservering av kyrkjeskattar. Eg blei også vist dei to repositoria på kvar side av koret. Repositorium er nisjar i veggene som er dekt med ei treplate. Der blei dei mest verdifulle gjenstandane oppbevart i ein eigen liten hylleplass.

Etter fjerning av kalksjiktet kom det fram fleire runeinnskrifter, mellom anna eit elskovsdikt i same versemål som eddakvada. Det var skriva som ei gåte. Utover på 60-, 70-, og 80-talet blei fleire spesialistar kontakta og til slutt var det Jonna Louis-Jensen som fann løysinga i 1986: Namnet som skjulte seg i dei gamle runene, namnet som ein gong tilhørde ei kvinne som nokon lengta etter på Bøhaugen for snart tusen år sidan, er det same som den nye organisten vår: Gudrun!

Så når Gudrun no blir ein del av fellesskapet vårt, knytter vi ikkje berre eit band med framtida, men også til den djupe, mystiske fortida vår. Vi veit ingen ting om korleis historia enda med forfattaren av det lengselsfylte diktet og Gudrun på 1100-talet. For oss har iallfall eit nytt kapittel i den lange historieforteljinga i kyrkjelyden nettopp starta med Gudrun – og vi gler oss!

Alt godt frå Angelika!

Møte i Bø gamle Prestegard

Tysdag 22/10: Olav Finstad med bilde frå arkivet på Oterholt Museum. Bøhaugen: Kva skjuler seg der?

Tysdag 12/11: Hellek Sannes og Bruno Hagemann om musikk og filosofi.

Tysdag 3/12: Allsongkveld med advents- og julesongar, leia av organist i Bø, Gudrun Klakegg.

Alle møte startar kl 19.00. Inngang kr 120. Kaffi/te og kaker blir servert kvar gong.

Vår nye organist

Tenk at jeg er blitt kirkemusiker. Jeg sitter i dag på Bøhaugen med utsikt til de to flotte kirkene her oppe og er omgitt av fine kunnskapsrike kolleger. Første gang jeg var her oppe på Bøhaugen var en vindfull dag i vår, og da kjente jeg at «dette er et godt sted å være» - med vidt utsyn og åkre rundt om. Og noen uker senere viste det seg at det var behov for nettopp meg her oppe, da kirkemusikerstillingen stod ubesatt. Her er min korkollega Grete, her er flotte organister i nabokirker (som er mye mer erfarne enn meg!) å samarbeide med. Her er til og med kirkevergen Angelika en fantastisk musikalsk ressurs!

Fra å være pianist og å jobbe med musikk elever på musikklinja ved Skien videregående skole er det et ganske stort sprang å havne her i Bø kyrkje. Vel er jeg fremdeles i musikkverdenen, men rollen er en annen og orgelinstrumentet er absolutt nytt!

Og så langt - etter start 1. august - trives jeg godt både med kirkemusikerrollen og med det nye instrumentet. På musikkrommet hjemme i Skien står det nå tre store instrumenter: et hammerklaver fra 1839, et flygel fra 1913 og et digitalt og nokså stort orgel fra 1990 tallet. Det sier kanskje litt om tre «epoker» i livet mitt, hva jeg



har drevet med musikalsk. Orgelet ble kjøpt inn i vår, og jeg sitter kanskje mest på denne krakken for tiden. Hammerklaveret har jeg vært opptatt av siden rundt 2016, og med dette instrumentet har jeg hatt mange fine musikkprosjekter de siste årene. Det har blitt Schuberts Winterreise med Alexander Cadden, og det har blitt kammerkonserter med Beethoven-repertoar. Flygelet, et gammelt fint Steinway, er min trygge havn hvor jeg spiller så mye jeg får til ved siden av en fast stilling.

Jeg er oppvokst i Porsgrunn som en av fem søstre hvor alle spilte korpsinstrumenter og gikk i korps. I vårt hus var det mye sang, og det er nok gjennom korsang jeg har vært nærest kirka. Jeg har alltid vært glad i å synge og har hatt noen flotte koropplevelser. Den første da jeg gikk på Norges Musikkhøgskole og fikk være med i kammerkoret der. Senere flyttet vi fra Oslo til Skien og jeg hadde et par år i Skien kantori og sang blant annet fra

Juleoratoriet av Bach. Jeg har etterhvert satt mer og mer pris på kirkemusikk og kirkekorverker. Og det er ikke til å legges skjul på: den store komponisten Johann Sebastian Bach sin musikk er noe av det flotteste jeg kan tenke meg i kirkemusikken. J.S Bach er sentral for pianister også, men det var jo orgel som var Bach's instrument. Så nå blir det Bachspill på ordentlig, og ikke bare på det moderne pianoet. Og vi må jo også satse på mer Bachsang med Bø kyrkjekor også. Jeg vet de kan, for jeg hørte nemlig påskekonserten tidligere i vår!

Min hverdag nå er både konsentrert og variert. I dag har jeg undervist mine orgelelever i kirken. Det er noen supre elever, og jeg er veldig spent på hva de kommer til å få til fremover! Leserne av dette bladet vil nok få glede av å høre dem i kirka til gudstjenester eller andre kirkesammenhenger.

Min gode kollega Axel og jeg besøkte Bø sjukeheim i dag, der hadde vi en liten andakt. Det var veldig hyggelig og god stemning, og folk sang fint med på salmene.

Senere i høst blir det jo fine høytider å være med på; allehelgen, advent og selvfølgelig julefeiring. Da lover jeg å gjøre mitt ypperste for å levere god kirkemusikk!

Gudrun Klakegg



Lat oss be for kyrkja og verda

(Forbøn frå familiegudsteneste)

Kjære Jesus.
Du fann vener du kunne gleda deg saman med
og gråta hos.
Takk for evna vår til venskap.
Hjelp oss å vera til stades for kvarandre.
Lat alle menneske finna nokon dei kan stola på.
Du har vist oss at alle menneske er like viktige
og like verdfulle.
Ver hos alle som lid på grunn uforstand eller vondskap.
Hjelp oss til å kjempa mot undertrykking og urett.
Gud, vi bed.



Da Jesus kom til meg!

Mi historie startar påska 1998. Nyoperert for blindtarmbetennelse og aleine i huset sit eg og ser på NRK TV. Denne påskeformiddagen visast dokumentaren «likklede frå Torino». Dette «kledet» visste eg lite om men Jesus visste eg sjølvsgt kven var. Gjennom oppveksten gjekk eg trufast på søndagsskule på Betel i Seljord. Der blei eg også barnevelsigna og seinare konfirmert. Sidan vart eg vaksendøpt i Bø kyrkje i 1995 saman med min eldste son som blei døpt som born.

Ei ungdomstid kan tære hardt på ei enkel barnetru. Eg hadde lite å stille opp med i møte med storsamfunnets tankar og idear. Evolusjonsteorien me lærte om på skulen

var også vanskeleg å bryne seg på. Likevel var det alltid eg som seinare i ungdomstida enda opp med å «forsvare» den kristne tru på festlege lag med vennene mine. Eg følte meg litt mellom barken og veden, som det heiter. Men det var lærerikt og interessant.

På denne tida blei eg ivrigare til å besøke min bestefar i Øvre Bø. Han heitte Bjørn Wiik og vil for mange vere kjent som pastor på Soar nokre år. Eg skal innrømme at dei fleste besøka var for å prate med «pastoren» og ikkje bestefar. Alle dei vanskelege spørsmåla eg hadde fått på festane, og litt til, blei nå bruka for å stille den kristne trua til vegg. Bestefar svara godt for seg og såg ut til like desse samtalen svært

godt. Samtalebesøka fortsatte eg jamleg med heilt til bestefar døde i ein alder av 93 år i 2015.

Når eg denne påskeformiddagen i 1998 såg dokumentaren om Jess likklede frå Torino, då var det som om all tvil blei skyvd til side. Jesus hadde levd her på jorda og han døde verkeleg på korset. Eg kjente på dårlig samvit. Kvifor hadde eg tvila så lenge på Jesus når han var villig til å nedverdige seg på denne måten, og dø ein avløyssande død for eit syndig menneske som meg? Dette blei eit vendepunkt for meg og frå det øyeblikket starta mi vandring med Jesus. Eg fekk ein stor hunger etter å lære meir om mi tru. Gjennom bibellesing og øvrig kristen historisk litteratur og trusforsvar (Apologetikk) har eg samla på informasjon som har styrka mi tru. I dag erfarer eg at mi kristne overtyding om Jesus står seg særst godt i møte med alternative forklaringar på livet og historia. Eg har ingen ting å skamme meg over, tvert imot.

Å vera ute i naturen er noko eg likar godt. Ofte ender eg opp med å filosofere, tenke og rett og slett holde ein tale for seg sjølv. Det er eit fantastisk skaparverk Gud har skapt. Geniale løysingar kjem på rekke og rad. Det gjelder «bare» å legge av seg livets travelhet og ta seg tid til å tenke og dvele ved ting du har rundt deg. Tenk bare på noko så «enkelt» som poteta. Hadde du tatt sjansen eller klart å baka ein bolle midt inne i jorda? Utan at bollen hadde smaka eller inneholdt jord etterpå. Men det er det som skjer når poteta veks i jorda. Sluttproduktet er fri for jord.

Eit anna genialt prinsipp med alt som lever er at alt startar som bitte lite, for så å vekse seg større og større. Eit slikt prinsipp er ganske umogleg å praktisere når mennesket skal bygge hus, bil eller andre ting. Slike ting blir eg mektig imponert av.

Som dei fleste har lagt merke til har me hatt ein særst våt seinsommar i Midt-Telemark. Eg har personleg erfart dei mektige naturkreftene som er i sving når det striegner og toreværet er på sitt verste. På sin ferd ned fjellet mot havet tek vatnet lettaste vegen. Nåde den som prøvar å lede eller hindre vatnet på sin ferd. Men som samfunn gjer me det heile tida når me bygger hus, vegar og anna nødvendig infrastruktur. Natt til onsdag denne veka kom det frykteleg mykje vatn. Og sjølv med ein gravemaskin i full drift gjennom natta var det ingen garanti for at ikkje gardsvegen heime rann bort. Eg må innrømme at frykta for overmakta var der. Mennesket blir lite i møte med dei mektige naturkreftene. Da er det trøyst å hente i det like mektige Guds ord.

I Paulus brev til romarane kapittel 8 vers 38-39 står det «For eg er viss på at verken død eller liv, verken englar eller krefter, verken det som no er eller det som koma skal, eller noka makt, verken det som er i det høge eller i det djupe, eller nokon annan skapning, skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.» Så godt og trygt det er å ha Jesus ved si side.

Helsing Oddbjørn Wiik Vatnar

Soknebodsettet

Ikkje alle veit kva eit soknebod er og at soknebod er eit tilbod som er ope for alle som ynskjer det.

Soknebod kan brukast når ein som er sjuk ikkje kan møte i kyrkja meir. Då kan presten kome og gi den sjuke nattverd heime eller på sjukeheimen/sjukehus.

Når den som er sjuk ligg på sjukeheim eller sjukehus, er det ofte dei tilsette eller familien som tek kontakt med presten. Han eller ho kjem til den sjuke og held ein kort nattverdsliturgi der den sjuke får nattverd. Liturgien inneheld salmesong, bibellesing, bønn og Fadervår, og til slutt velsigning. Det hender at den som er sjuk, er døydde og ikkje i stand til å ta imot nattverden. Like fullt er det fint å halde ei kort andakt der vi takkar og overgir den døydde i Guds hender.

Soknebodsettet du ser på biletet blei gitt av presten Arne Momrak, som budde her i Bø. Han var far til Kjetil Momrak som døydd i sommar. Arne Momrak gav soknebodsettet vidare til presten Svein Sannes Marthinsen, kapellan og vikarprest her i Bø fram til han døydd. Då gjekk settet vidare til dagens sokneprest.

Soknebodsettet inneheld ein disk, eit



lite fat der presten legg oblaten som er brødet, Jesu lekam. I tillegg er det ein kalk eller eit beger der vinen, Jesu blod, blir helt opp i. På biletet ser du også ein liten flaskebeholdar som vinen er i og ein liten boks der brødet blir oppbevart.

Å gå med soknebod er noko av det finaste ein prest kan gjere i tenesta si, der møtest himmel og jord i eit lite stykke brød og vin til tilgiving for syndene.

Sidan soknebodsettet var gammalt av slitasje og lekkasje frå flaska, var Futteralet som inneheldt nattverdsettet nesten øydelagt og var i fleire delar. Skomakar Lambertus på Ulefoss har reparert det med nytt lær og nytt velurstoff innvendig. Settet har no blitt som nytt og kan takast i bruk.

Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom du ynskjer besøk av presten.



Treskurden i kirka vår

Kirkene i den «protestantiske verden» er som regel ganske beskjedent utsmykka. I en katolsk kirke er situasjonen en annen. Der får de fleste hakeslepp når de titter inn. Det kan, eller burde, man få i Bø kirke også. Alle akantusrosene som lyser mot oss fra mange flater er fantastisk vakre. Kirka vår feirer, som vel de fleste har fått med seg, 150 år neste år. Rosene ble skåret i 1960/70-åra. Kunstneren bak er Halvor Slette-meås. Han var en av 9 søsken i en rikt utrustet slekt i Ordalen i Kviteseid. Her var både musikere og rosemalere. Broren, Trygve, var en høyt skattet rose-maler. Han bodde på Hørte. Trygve kolorerte rosene i kirka. Noen formuleringer i menighetens nettsider kan så tvil om



hvem som gjorde hva, men for å gjenta: Halvor sto for tre-skjæringa og Trygve sto for malinga. En tredje bror, Hans, var også en flink snekker og treskjærer. Mange vil huske den vesle stavkirka som sto like før en kom til Bø Camping. Den var Hans Slette-meås sitt arbeid. Den står for øvrig i Lisleherad nå.

Det store utsmykkingsarbeidet i kirka ble bekostet av høyesterettsadvokat Eivind Eckbo. Det samme gjelder de to stolene som står til høyre for alteret (på sydsiden). Dette er kopier av stolene fra Gårdakyrkja. Disse er også skåret av Halvor Slette-meås.

Ulf Vege

Gamle kunstverk i stein

Av Ulf Vege

Så langt jeg kan huske tilbake har jeg vært interessert i gamle veier. Små og store steinbruer har forårsaket mang en bråstopp. Så masse nydelig håndverk. Slikt måtte man jo titte på.

Jeg kom til Midt-Telemark på 80-tallet. Jeg fikk tidlig kontakt med Ingebjørg og Halvor Sandsdalen. Dit kjørte eller syklet jeg på sørsida av Seljordsvannet. Langs den veien er det masse strålende steinarbeide. Den høye steinmuren omtrent tvert over for Hegna camping gjorde spesielt inntrykk. Stedet bærer navnet Hagadrag. Det er først i år jeg lærte det. Hvem bygde denne? Og når?

Det har vært veldig moro å snakke med noen som vet. Det ble gjort mye på veien mellom Bø og Seljord på 1840-tallet. En av de mest sentrale var Kjetil Fossheim fra Langkåshaugen. Det var et kjempestort arbeid, og Kjetil tapte så mye penger at han måtte reise fra gård og grunn. Kjetil flyttet fra Bø og havnet etter hvert i Fyresdal. Her tok han navnet Kiland. Han er en av forfedrene til vår gode venn, nå dessverre avdøde, Kjetil Kiland Momrak. Snart har steinene i Hagadrag ligget i 200 år. I kommunen vår er det mange små og store vitnesbyrd om våre forfедres innsats. Gå og let! Bli imponert!

Frivillig klokkar!

Daggry Haugan er ny frivillig klokkar i kyrkjelyden. Vi er takksame for at ho har sagt ja til å vere klokkar og tekstlesar i kyrkja. Saman med mannen sin Halvor, som er kyrkjevert, har dei takka ja til å gjere teneste kvar fjerde søndag. Det er flott!! I Bø kyrkjelyd er det fire som byter på å vere klokkar. Dei tre andre er Anne- Lene Refsum, Dag Hallvard Østtveit og Audun Østtveit. Alle desse fire gjer ei verdifull teneste med å delta i gudstenestene med tekstlesing og forbønn. Dei er med og assisterer under dåp og nattverd og kjem



med kunngjeringar. Takk til alle fire for at dei bidrar med å gjere gudstenesta vakker og fin. Takk også til Inger Åse Sønstebø og Bjørg Momrak som har vore trufaste klokkarar i mange år i Bø kyrkje.

Hautgåve

Kan du tenkje deg å gi ei gåve til arbeidet med kyrkjebladet som kjem ut 4 gonger i året? Då kan du betale inn eit valt beløp. Vi er svært takksame for den gåva du vil gje !

Kontonummer: 2801.53.52096, merk med
«Hautgåve til kyrkjebladet»

Vippsnummer: 116673- Bø sokn – Gåve til Bø kyrkjeblad

Beste helsing redaksjonen



Foto. Signe Vreim Østveit

Årets konfirmanter

Fra venstre foran: Emma Taugbøl Forberg, Tomine Glenna, Elisabeth Tomine Jenssen Angre, sokneprest Axel J. Bugge, kapellan Per Inge Håland, Martine Østerli, Nora Langåsdaalen Mæland, Silje Momrak Rønningen, Greta Farstadvika

Andre rekke fra venstre: Emilie Haugestøl-Skjelbred, Emilie Westgarden Tveitan, Tia Tomine Sveinsdatter Evju, Dorteia Sætra Erikstein, Aasne Slåtta Kaasa, Andrea Langemyr Glenna, Leah Marielle Valkeinen, Julie Bergan Holtan, Sofie Haugen, Signe Tobro, Ella Søvde Johnsen

Tredje rekke fra venstre: Kari Skogen, Guro Espedalen Lium, Ane Sageie, Ingrid Elvine Verpe, Lene Årdalen Borgersen, Tessa Bø Solberg, Marie Evju, Marie Lio, Pernille Lie Sund, Åsne Synnøve Vikane

Fjerde rekke fra venstre: Torje Benjamin Skallstad, Nikolai Trondsen Singasaas, Kristian Askildt Loftsgarden, Magnus Mæland, Arin Kasin Nilsen, Iver Hegna Smeplass, Kristian Morritz Sønstebo, Jakob Skoe Olsen

Bak: Aslak Seljord Amundsen, Sámund Sageie, Sverre Kornelius Ims Hjelmekke, Kristoffer Haugland, Mads Bråthen, Oduwala Iyoha, Odin Innleggen Eide, Hans Olav Bekkhus Hegna, Niri Espedalen Bamrud, Noah Mogen Larsen, Lukas Lia, Jakob Erikstein, Noah Aleksander Sunshaugen, Eirik Sveta, Magnus Vestgarden, Oscar Gonzalez-Strand, Oscar Gonzalez-Strand

Desse var ikkje tilstade da bilete blei tatt: Elander Vassend, Aleksander Stålberg Fossland, Sigrid Tellnes, Susanne Tresland Gjelhus.

Tre om konfirmasjonstida

Hva har konfirmasjonstiden betydd for deg?



Leah: For meg har konfirmasjonstiden vært en nydelig start på min egen tro og reise med Gud. Når jeg skulle velge mellom kristelig og borgerlig konfirmasjon, tok jeg kristelig hovedsakelig for det sosiale. Noen måneder senere førte dette valget til en fantastisk reise videre inn i kristendommen. Jeg har vel alltid vært troende, men det var ikke før i år jeg begynte å leve et liv som kristen. I konfirmanttimene har vi blitt fortalt historier fra bibelen, og lært masse. Jeg er utrolig glad og takknemlig for konfirmasjonstiden, fordi den har gitt meg så utrolig mye.



Alexander: Det har vært moro å diskutere moral og etikk. Ingen mennesker er fullkomne og selv onde mennesker kan ha noe godt å komme med. Det er godt å vite at vi kan bli tilgitt av Gud.



Kristoffer: Det har vært fint å bli kjent med nye på leirene og komme nærmere de man kjente fra før. Jeg synes det har vært bra å sitte å høre på hva presten sier og lytte til hva de andre mener. Sammen har vi lært mer om den kristne tro.

Hilsen fra Maria og Rolf i Sjømannskirken

Det er i disse dager ett år siden utsendelsesgudstjenesten i Bø kyrkje, og vi nærmer oss ettårsdag i vår nye tilværelse i Spania. Vi har landet godt her, og trives med den nye tilværelsen. Det er meningsfullt å jobbe i Sjømannskirken i Torrevieja, både med kultur og kirkemusikk, og med diakoni. Hverdagen består av mye av det en kanskje forbinder med Sjømannskirken, vafler, kaffe, aviser og prat, og gudstjenester hver søndag. Rolf jobber i hovedsak på kirka, på leseværelset, med vigsler og gudstjenester, konsertarrangering og prosjektkor. Maria er i tillegg til arbeidet på kirka, med leseværelset, samtaler og gudstjenestearbeid, mye ute på oppdrag i feltet. Besøktjeneste og oppfølging av nordmenn som av ulike grunner opplever at livet i Spania går på tverke er stikkord. Kontakten med det spanske er begrenset, men vi prøver å komme oss litt rundt for å oppleve noe av det Spania har å by



på. Det er et spennende land med mye historie! Vi kan iblant savne noe av det vi hadde hjemme i Bø, og da er det godt med besøk både den ene og den andre veien. I sommer fikk vi være hele fem uker hjemme i Bø, noe som var veldig fint. Et av flere høydepunkt i sommer var vigslingsgudstjenesten der Maria ble vigslet til diakon av biskop Stein Reinertsen i Bø kyrkje søndag 11.8. Det var godt å være hjemme denne dagen, og fint å kjenne at vi har menighet og venner i ryggen. Vi ønsker dere Guds velsignelse over alt arbeid hjemme i Bø, også ser vi fram til nye muligheter til å treffes! Og om dere er på tur i området rundt Torrevieja, velkommen hjemom til Sjømannskirken!

Maria og Rolf Axelsen Lie



Bø speidergruppe

KFUK-KFUM speiderne har en flott visjon: **Rundt våre leirbål er det plass til alle!** Vi ønsker å være en inkluderende møteplass, og har i vår strategiplan tre fokusområder:

Vi betyr en forskjell for andre og naturen: Gjennom bevisste valg bidrar speidere til positive endringer som betyr en forskjell for andre. Samfunnsengasjement er en viktig del av speidingens formål. Speiderloven sier vi skal arbeide for fred, ta vare på naturen, ta ansvar og vise vei. Speiderne deltar i aktiviteter som handler om å ta ansvar for seg selv, andre og naturen, bidra i lokalsamfunnet, eller gjøre noe for barn og unge i andre deler av verden.

Vi er åpne og inkluderende: Speiding forandrer liv. Alle unge mennesker skal

få mulighet til å bli speidere. Mangfold er en styrke, og vi ønsker at speiderne skal gjenspeile samfunnet rundt oss. Vi vil rekruttere bredt og nå nye målgrupper. Derfor vil vi fjerne hinder for deltakelse, samtidig som vi sikrer at speiderne får utfordringer tilpasset nivå.

Vi rekrutterer og utvikler flere gode ledere: Ledertrening skjer gjennom speidere og ledere som får ansvar og oppgaver i takt med alder, utvikling og forutsetninger, gjennom arbeidet lokalt eller nasjonalt, på turer, leirer og arrangementer.

Verdiene våre Speiderprogrammet bygger på fem verdier, som forteller hvorfor vi driver med speiding. De fem verdiene er friluftsliv, personlig utvikling,

felleskap, samfunnsengasjement og kristen tro. Disse verdiene bidrar til å gi mening, formål og retning til speidingen.

Bø speidergruppe

Bø KFUK-KFUM speidergruppe har lange tradisjoner. Trolig startet speiderarbeidet opp i Bø i 1925. Det betyr at Bø speidergruppe har 100-årsjubileum neste år. Det vil vi forsøke å markere med fest og moro, i god speiderånd. Dersom noen tidligere medlemmer av Bø speidergruppe har lyst til å være med på planlegging er det bare å ta kontakt.

I skrivende stund har speidergruppa 42 medlemmer. For å være med på speideren må du ha fylt 10 år (5.klasse og oppover). Vi holder hus på Oterholt, i speiderhuset vårt som vi kjøpte i 2009. Vi har altså eget hus med garasje, der vi har gode rammebetingelser for våre aktiviteter. Vi har flere rom inne, inkludert kjøkken og bad. I garasjen lagrer vi utstyr til leir og aktiviteter.

Speidergruppa møtes hver onsdag mellom 18.30 og 20.30. På våre ukentlige møter bruker vi tiden på turer i nærmiljøet, aktiviteter ute eller inne på speiderhuset. En del av det som kjennetegner en speider er speiderskjorta. På denne skjorta er det en del merker som sier noe om hvor du er speider og hvilke ferdighetsmerker du har gjennomført. Ferdighetsmerker er ofte knyttet opp til kunnskaper speiderne har tilegnet

seg. Så speidermøtene brukes til å lære nye ting, og vi kan pynte skjorta med merker på høyre arm.

En veldig viktig del av speiderlivet er leirer og turer. Vi har en fast helg hver høst hvor vi drar på overnattingstur i nærområdet. I år går turen til Jønneberg. Da skal speiderne finne veien med kart og kompass selv, de skal bo i telt, lage mat på bål og kose seg i naturen. Vi har også årlig tur til Trovassli, som er Normisjon sitt leirsted på Øyfell. Hver vinter drar vi på snøhulestur på Lifjell. På våren har vi som regel en tur litt lenger bort for å være på tur i litt annen natur enn det vi finner i Bø. Fjell eller hav.

Hvert fjerde år arrangeres landsleir, og i 2025 skal vi på landsleir på Gjøvik sammen med Norges speiderforbund og inviterte gjester fra hele verden. Vi har en vennskapsgruppe fra Åbyhøi i Danmark, som vi ofte inviterer med på landsleir. Vi har også vært med dem på leir, senest i 2018 i Danmark. Da var det 40.000 speidere samlet i en uke, og vi hadde en flott opplevelse med mange inntrykk.

Har du lyst til å vite mer om speiderarbeidet kan du se innom her: bo.kmspeider.no, kmspeider.no, facebook.com/bospeidergruppe

Vil du vite mer kan du ta kontakt med en av lederne. Kontaktinfo på vår nettside bo.kmspeider.no

Slekters gang frå mai 2024

Døpt



26/5 2024:
Vetle Rinden Førstøyl



26/5 2024:
Noelle Stavdal



9/6 2024:
Ane Sageie



9/6 2024:
Såmund Sageie



9/6 2024:
Nikolai Trondsen
Singsaas



9/6 2024:
Sofie Haugen



9/6 2024:
Tomine Glenna



16/6 2024:
Hedvig Sevatdal
Wendelborg



16/6 2024:
Aslak Seljord Amundsen

Slekters gang frå mai 2024

Døpt



16/6 2024:
Elias Smedstad



18/8 2024:
Mikkel og Marius
Berntsen Jonskås



21/7 2024:
Vilgot Johannes
Pekkola Sele




21/7 2024:
Tobias
Werneberg-Brokeland



18/8 2024:
Johan Narverud Teigen



15/9 2024:
Emil Nymoen Aarsand



7/8: Greta
Farstadvika
13/8: Odin Innleggen
Eide

Gravlagde/Bisetting

- 21/5: Hans Christian Staub Hansen
- 28/5: Alvhild Jacobsen
- 17/6: Kjetil Kiland Momrak
- 21/6: Helga Åsgrav
- 17/7: Kristina Espedalen
- 18/7: Gunbjørg Kristin Miland
- 23/7: Anne Jensen
- 15/8: Magnhild Aasgrav
- 20/8: Ingebjørg Lia
- 21/8: Lasse Geir Audunson
- 28/8: Arnfinn Staurheim
- 2/9: Olav Haugerud
- 6/9: Monika Nordhus
- 13/9: Birthe Lyng Marum
- 18/9: Eli Prestrud Astad
- 18/9: Per Fostervoll

Slekters gang frå mai 2024

Vigde



Hege Aabø og Øystein Thoen Sisjord 31/8



Cecilie Støa og Andreas Sten Andersen 18/8



Det var med stor glede og forventning vi giftet oss i Bø kyrkje lørdag 6. juli, med feiring av bryllupsmesse. Det var en velsignet stund å få gå til nattverd sammen med våre nære og kjære under vielsen. Tusen takk til alle fra menigheten som var med og omsluttet oss på vår store dag! Gud velsigne dere alle. Varme hilsener fra Josefine og Ludvik Eilefsen.



Beate Tjønntveit og Gregar Høydal, gifta seg i Bø kyrkje 24/8.
Foto: Sigrid Råmundal og Guro Mæland



Nina Håland Almenning og Per Inge Bergem Håland. 29/6 i Skotfoss kirke.



Maren Frøland Soterud og Sigmund Brekke Langelid 6/7.

3/2: Anine Stenstad og Kitil Soterud
15/6: Linda Angre og Lars Edvard Olsen

22/6: Marianne Kirkeby og Rune Espedalen
22/6: Åse Brekke Roe og Håkon Wangen Loftsgarden

29/6: Siv Eika og Helge Holtskog

VALO PUMPER AS



OLAV HAUGESTØL

40 års erfaring innen vann- og avløpspumper

VALO Pumper AS • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark
Tlf. 911 01 000 • olav@valopumper.no



Åpningstider: 10-18 (16)
Tlf: 35 06 03 50



HAUGESTØL VVS AIS
3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50
Vakttlf. 480 01 222
E-post: post@haugestolvvs.no





**VELKOMMEN
TIL OSS!**


Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14



Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no

 Bertelsen Nyhuus Optikk
 bertelsennyhuusoptikk



**MURMESTER
ESPEDALEN**
MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30
www.murmesterespedalen.no

**MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL
M/MØNSTERAVTALE HELFO**

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS KLIENT, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.

ARBEIDSSOMRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:
MARTHE VALE WANG
+47 986 18 919
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM



FARGERIKE
Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no

**VI UTFØRER ALT INNEN
NYBYGG, PÅBYGG OG
RESTAURERING**



**MIDT-TELEMARK
BYGG AS**

mtbygg.no
Folkestadvegen 166, 3802 Bø

Sjekk ✓ Punkt
BØ AUTO

Verksted
EU-kontroll
Bilutstyr

BILUTLEIE

 **35 95 02 75**

KIWI'S PRISLØFTE

**VI GIR OSS
ALDRI
PÅ PRIS!**

KIWI mini pris
KIWI Bø **7-23**
ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR

SYSTEMBLOKK

Tlf. 35 06 00 00
www.systemblokk.no


UNIKT LÅSESYSTEM
Kun hos Systemblokk

Velkommen til gudsteneste!



DATO	TID	STAD	DAG	TEKST
29.09	17:00	Bø bedehus	Fellesmøte. Talar: Ulf Børje Rahm.	Søndagsskule
06.10	11:00	Bø kyrkje		Mark 10,2-9
06.10	17:00	Tomaskapellet	Tru og lys	
13.10	17:00	Bø kyrkje		Luk 16,19-31
20.10	11:00	Bø kyrkje	TV-aksjonen. Søndagsskule	Joh 12,35-36
27.10	11:00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste	Luk 18,9-14
02.11	16:00	Bø kyrkje	Allehelgensaftan. Minnegudsteneste	Luk 18,9-14
03.11	11:00	Bø kyrkje	Allehelgensdag	Matt 5,13-16
10.11	11:00	Bø kyrkje		Matt 14,22-34
17.11	11:00	Nes menighetshus	Fellesgudstenste. Kirkens SOS 50 år	Søndagsskule
				Joh 9,1-7.35b-38
24.11	11:00	Bø kyrkje	Kristi kongedag	Matt 25,1-13
01.12	11:00	Bø kyrkje	Familiegudsteneste. 1. søndag i advent	Matt 21,10-17
01.12	17:00	Tomaskapellet	Tru og lys. 1. søndag i advent	
08.12	17:00	Bø kyrkje	Konfirmantpresentasjon	Joh 16,21-24
			Søndagsskule. 2. søndag i advent	
15.12	11:00	Bø sjukeheim	Nattverd. Open for alle	Joh 5,31-36
			3. søndag i advent	
22.12	11:00	Bø kyrkje	4. søndag i advent	Matt 1,18-25
24.12	12:00	Bø sjukeheim	Julaftan	Luk 2,1-20
24.12	14:30	Bø kyrkje	Julaftan	Luk- 2,1-20
24.12	16:00	Bø kyrkje	Julaftan	Luk 2,1-20
25.12	11:00	Bø kyrkje	Juledag	Joh 1,1-14
29.12	11:00	Bø kyrkje	Romjul	Luk 2,25-35
01.01	17:00	Bø kyrkje	Nyttårsdag	Matt 18,19-20



Bø kyrjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø
Telefon: 35 06 10 40 • E-post: post@bokyrkje.no
Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje,
Kyrkjevegen 63, 3800 Bø

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no //  Bø kyrkjelyd

Redaksjonen:
Olav Haugestøl, Ulf Vege,
Axel J. Bugge, Bjørn Seljebotn
Trykk og design:
Superlativ Media AS
Opplag: 3300 eks.